

DET TREDJE HAMSKIFTET. OMVELTNINGANE I JORDBRUKET I 90-ÅRA.

Eg vart oppmoda av leiaren i Haram kulturhistoriske lag om å skrive om dei store endringane i jordbruket i Haram, og i heile landet, på 90-talet. For å kunne forstå dette, bør ein ha kjennskap til utviklinga i 10-åra før.

Inge Krokan kalla dei store omveltingane på bygdene frå midten av 1800 talet for det store hamskiftet.

Reidar Almås har i bokverket Norsk landbrukshistorie kalla utviklinga i 90-åra for det tredje hamskiftet. Utviklinga i teknologi og produktivitetsauken på 50-70 talet kalla han det andre .

Eg vart tilsett i Haram som heradsagronom hausten 1980 og var i landbruksforvaltninga i Haram fram til 2013. I denne tida har eg vore med på vekst og utvikling, stillstand og omstillinga på 90-talet.

Eg har tidlegare skreve i årsskriftet til Haram kulturhistoriske lag om korleis endringane i internasjonal handel og den tekniske utviklinga på midten av 1800-talet førde til at jorda vart utskifta og bygdene endra utsjånad.

Korndyrking vart mindre viktig. Produksjonen vart lagt om til husdyrhald, som staten meinte vi hadde gode føresetnadar for. Landbruket i Haram bar preg av at ein stor del av produksjonen vart nytta til eige bruk, og i mellomkrigstida vart det etablert mange mindre bruk- sjølvberging. På den måten fekk alle smake litt kjøt, sa ein Lepsøy-væring.

På det meste var det 545 driftseiningar med over 5 da jordbruksareal i Haram.

(Landbruksteljinga i 1979)

DET ANDRE HAMSKIFTET

På 60-talet kom den første bølgja av bruksnedlegging. Ledig jord vart leigejord og den tekniske utviklinga med gravemaskin medførte at det vart mogleg å dyrke større areal. Forhaustaren revolusjonerte innhaustinga .



Digitalt museum. Frå produksjonen av Serigstad forhaustar. Forhaustaren kom frå Amerika og revolusjonerte innhaustinga.

Innføring av nye dyrerasar medførte ei vesentleg produktivitetsauke



NRF-kua Lykkeros på utstilling i 1962. NRF-kua vart kryssa fram med utgangspunkt i den austnorske raudkolla og ga vesentleg større mjølkemengder enn dei tidlegare rasane.

Mjølkeproduksjonen vart kanalisiert frå kornområda og det vart bygd nye typer driftsbygningar . Dette kom tidleg i gang i Haram. Det hadde nok delvis samanheng med at det var tilgjengeleg kapital frå sal av fiskebåtar. Dette var i sin tur med på å «heve lista» elles i miljøet.

Inntektsnivået i jordbruket var lågt. Internasjonale hendingar og Hitraaksjonen sette fokus på tilhøva i landbruket. Eit resultat av Øksnes- komiteen og dei gode økonomiske utsiktene medførte vilje til bruk av statlege budsjettmidlar.

Det var stor tru på at jordbruksproduksjonen kunne styrast ved kontroll av marknaden, reguleringar og kontroll av investeringsmidler.

Det vart bygd opp eit rådgjevingsapparat og statlege investeringsmidlar førte til nydyrkning og bygging av nye driftsbygningar. Produksjonen var basert på eit høgt kraftforbruk. Ei stor nydyrkning og tilgang på leigejord medførte ein vesentleg auke i bruksstorleiken. Desse investeringane har vi nytte av den dag i dag.

Det vart overproduksjon og kvoter på mjølk ut på 80-talet
Investeringsverkemidla vart strypt.

Frå midten av 70-talet og i om lag 20 år var talet på gardbruk i drift i Haram relativt stabilt.

Dei som hadde starta som heiltidsbønder held fram i yrket, men økonomien vart etter kvart pressa. For dei minste brukta var det lite rom for nye investeringar.

DET TREDJE HAMSKIFTET. STRUKTURENDRINGAR OG GLOBALISERING PÅ 90-TALET

På 90-talet skulle næringa omstillast og bli meir robust ved å tilpasse seg marknaden. Fellesnemnaren for reformene på 90-talet var internasjonalisering og desegmentisering (landbruket opna for andre interesser)

Det vart opna for konkurranse med utlandet gjennom eit tollbasert grensevern gjennom regelverket i WTO.

Makt over landbrukspolitikken er overført frå nasjonalt nivå til internasjonale fora.

Dei institusjonane som landbruket hadde hatt stor innverknad på vart avvikla eller omorganiserte- slik som Statens kornforretning, Statens landbruksbank og Den ytre landbrukssetat.

Landbruket som næring har mindre inn verknad på landbrukspolitikken.

Staten har ikkje lengre detaljstyringa over landbruket-staten har trekt seg ut.

Landbruk er i liten grad eit politisk tema, og vi har ikkje lengre lenger full nasjonal kontroll over landbruket sine vilkår.

Prisar og marknadstilgang vart sette under press. Skulle inntektsnivået haldast oppe, måtte produksjonsvolumet på kvart enkelt bruk opp.

Avviklinga av pristilskot på storfekjøt førde til at mange mindre bruk i Haram , som hadde dreve med produksjon av storfekjøt, vart lagde ned. Då botnfrådraget kom vart det siste dråpen for mange av dei minste brukene.

Begrensingane i produksjonsvolumet for svin og fjørfe vart lempa på og mjølkekvotane kunne etter kvart omsetjast.

Produksjonsvolumet pr bruk har auka sterkt, og i takt med at andre bruk har lagt ned drifta. Produksjonsauken har vore mogleg ved bruk av større traktorar og meir effektive maskiner. Data teknologien vorte ein naudsynt del av husdyrhaldet.

Jordleiga har auka sterkt, utan at det er særleg utbreidd med leigeavtalar. Produsentane har mindre kontroll med produksjonsgrunnlaget og er meir sårbare.

Talet på bruk i drift har minka sterkt og fagmiljøet er svekka.

Bruk av jordbruksareal medfører behov for drenering og kultivering av jorda. Det er vanskeleg å forsvare investeringar i areal ein ikkje har leigeavtale på. Det er difor eit investeringsetterslep på drenering/jordkultur.

Stortinget gjorde vedtak om endring av jordlova i 2008. For å sikre driftsgrunnlaget til bruk i drift og oppretthalde kulturtilstanden til leigejorda, vart eigarane pålagde å inngå skriftlege leigeavtalar. Kommunane fekk ansvar for å følgja opp driveplikta. Dette påleggget har mange kommunar, inkl. Haram, ikkje følgd opp.

Når den siste bonden i grend eller bygda legg ned, vert heile bygda brakklagt.

Dette er ein situasjon som kan oppstå i mange bygder eller grender. Familiejordbruket har vore eit mål for landbrukspolitikken. Eit bruk skulle i prinsippet drivast med familien si arbeidskraft pluss nokon innleigd. Dette er ikkje lengre eit mål i landbrukspolitikken. Det vert innvilga investeringsmidlar til driftsbygningar der drifta er basert på innleige av rimeleg utanlandsk arbeidskraft. Dette kan neppe vere ein stabil driftsform på sikt.

Jordbruket er i mindre grad basert på lokale ressursar. Arbeidsvederlaget til bonden er ein mindre del av driftskostnadane enn før.

FRAMTIDA

Det sterke offentlege engasjementet overfor landbruket på 70-talet hadde opphav i matvarekrisia.

No meiner vel dei fleste at det alltid er mogleg å få kjøpt mat på verdsmarknaden. Jordbruk og matvareberedskap har lite merksemnd.

Det er ikkje vanskeleg å spå at klimakriser vil medføre matvarekriser.

Eg vil tru at fokus på landbruket, matvareberedskap og bruk av dei lokale ressursane vil auke og at vi vil få ein større nasjonal kontroll.

Bygdene i Haram har store jordressursar som må takast vare på for framtida.

Denne artikkelen er inspirert av Reidar Almås sitt bok verk: Norges landbrukshistorie.